



Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2296 - 17/21507

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.07.2017

Fristforlenging og trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/135 Gjervik ytre

Vi viser til søknad om etablering av ny bueining på eigedom gbnr. 188/135 datert 10.02.17 supplert 19.06.17.

Fristforlenging

Då saka krev løyve eller samtykke frå andre mynde etter pbl § 21-5 har vi trong for å forlenge sakshandsamingsfristen fram til det ligg føre løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve etter veglova.

Grunnen til at vi har bruk for lengre tid er at tiltaket krev løyve til utvida bruk etter veglova.

Avgjerda er heimla i pbl § 21-8 og SAK § 7-3 tredje ledd.

Vi ber om orsak for eventuelle ulemper forlenging av fristen kan medføre.

For spørsmål knytt til handsaming av løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve ver venleg å ta kontakt med Teknisk drift – vegavdelinga.

Trong for tilleggsdokumentasjon

Vi viser til søknad om endring av løyve i sak 14/1239 motteke 10.02.17 samt supplering motteke 19.06.17.

Då saka gjeld etablering av ny bueining på eigedom gbnr. 188/135 har vi vurdert det som naudsynt å handsame saka som eigen søknad. Dette for å ikkje hindre framdrift i omsøkt påbygg/tilbygg samt garasje og carport godkjent i sak 14/1239.

Vi viser til førebels svar i sak 14/1239 datert 11.04.17 og påfølgjande korrespondanse med omsyn til utvida frist for supplering av søknad.

I førebels svar datert 11.04.17 vart det opplyst at etablering av ny bueining krev at det vert søkt om følgjande:

- Dispensasjonssøknad



- Søknad om løyve til etablering av bueining (oppdatert gjennomføringsplan, erklæring om ansvar mv.)
- Oppdatert situasjonsplan som dokumenterer uteopphaldsareal, parkeringsdekning og moglegheit for å snu på eigen grunn.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommunedelplan for Knarvik-Alversund (KDP) avsett til bustadområde. Etablering av ny bueining på eigedomen krev at det vert søkt om og gjeve dispensasjon frå plankravet i § 2.3 i KDP.

I søknad om rammeløyve datert 19.06.17 er det søkt om dispensasjon. Søknaden er grunngeven med at eigedomen ligg i enden av ein kommunal blindveg.

Omsynet kravet til å etablere reguleringsplan skal ivareta er ikkje drøfta i søknaden og heller ikkje fordelar/ulempar ved å skulle dispensere frå kravet. Søknad om dispensasjon er for dårleg grunngeve til av kommunen kan ta stilling til den.

Nabovarsling

Tiltaket og søknad om dispensasjon er dokumentert nabovarsla jf. plan- og bygningslova § 21-3. Nabovarsel er sendt rekomandert 15.06.17. Søknaden er levert kommunen 19.06.17. Vi ber om at de gjer greie for eventuelle nabomerknadar til varsla tiltak.

Utomhusareal

Det er på situasjonsplan lagt ved søknad om rammeløyve motteke 19.06.17, påført område som skal nyttast som uteopphaldsareal for ny utleieeining og hovudeining. Det er ikkje opplyst storleik på arealet. Vi gjer merksam på at kommunen ved handsaming av søknad om dispensasjon vil legge til grunn krav til minste uteopphaldsareal gjeve i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023, som krev at kvar bueining skal ha minst 200 m² minste uteopphaldsareal (MUA).

Ansvar

Søknad om etablering av ny bueining er eit søknadspliktig tiltak med krav om bruk av ansvarreg føretak. Det skal ligge føre ny oppdatert gjennomføringsplan og erklæring om ansvar for etablering av ny bueining på eigedom gbnr. 188/135.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grunngeving for søknad om dispensasjon frå plankravet i KDP.
2. Eventuelle nabomerknadar til varsla tiltak og dykkar vurdering av dei.
3. Opplysning om storleik på MUA til hovudeining og omsøkt ny bueining.
4. Situasjonsplan som syner parkeringsløyving (4 plassar) samt snumoglegheit og frisikt i avkøyrsløp til kommunal veg.
5. Gjennomføringsplan og erklæring om ansvar for etablering av bueining.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.08.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Absolutt Form - Rolf Hermansen	Bredsgården 2	5003	BERGEN
Frode Nygaard Knutsen	Strandvegen 67	5914	ISDALSTØ
Frode Nygaard Knutsen	Strandvegen 67	5914	ISDALSTØ
Teknisk drift - vegavdelinga			

Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen	Bredsgården 2	5003	BERGEN
--------------------------------	---------------	------	--------